



## Statens vegvesen

ARNE HAUGSVÆR  
ROSSLANDSVEGEN 1159  
5918 FREKHAUG

KOPI

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/114340-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
13.11.2017

### Dispensasjon frå byggjegrænse – garasje til gnr. 5 bnr. 108 – Meland kommune

Vi viser til din søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs fv. 564 Rosslandsvegen for oppføring av garasje til eigedom gnr. 5 bnr. 108 i Meland kommune.

Garasjen er tenkt oppført på del av eigedom gnr. 5 bnr. 3. Søkjer skriv at han skal kjøpe arealet frå naboen, og overføre til eigedom gnr. 5 bnr. 108. Garasjen vert liggjande 8–10 meter over dagens vegnivå og med 21 meters avstand frå vegmidte.

#### Vår vurdering

Fv. 564 Rosslandsvegen har holdningsklasse 2 i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest*. Dette vil mellom anna seie at byggjegrænsea normalt er 50 meter, og at vegen er ein viktig hovudveg (regional og overordna lokal funksjon).

Statens vegvesen er i startfasen av arbeid med reguleringsplan for trafikkisikring og utbetring av vegstrekingen frå Fløksand til Vikebø. I det arbeidet vert det vurdert ny vegtrase forbi området ved Leiro der den omsøkte eigedomen ligg. Etter dei førebels vurderingane som er gjort, vil ny vegtrase høgst sannsynleg liggje lenger nord, og den nye garasjen vil ikkje kome i konflikt med traseen. Statens vegvesen vurderer difor at vi kan gi dispensasjon frå byggjegrænsea i denne saka.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 564 Rosslandsvegen for å oppføre garasje på eigedom gnr. 5 bnr. 3 i Meland kommune. Garasjen skal tilhøyra eigedom gnr. 5 bnr. 108. Sjå vilkår på neste side.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med innsendt skisse i søknad mottatt 21. juli 2017.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 564 skal vere minst 21 meter.
3. Det må framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentlig veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrse må følgjast.
4. Garasjen må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesvegen.
6. Søkjar må avklare med Meland kommune at tiltaket er i tråd med overordna planføremaal.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

### Rett til å klage

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak". Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke.

Statens vegvesen Region vest  
Plan og forvaltning  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Arne Gunleiv Haugsvær, ROSSLANDSVEGEN 1161, 5918 FREKHAUG  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG